

Velkommen til leiarsamling 2.- 3.september 2025

Stad: Eikum hotell, Hafsløvegen 166, 6869 Hafslo. **NB! Me møtes på Indre Hafslo oppvekstsenter på oppstarten av samlinga tysdag. Adresse: Lambhaug 148, 6873 Marifjøra**

Tidspunkt: Tysdag 2.september kl 09.00 - onsdag 3.september kl 14.45

Målgruppa: Barnehagestyrarar, ass. styrarar, rektorar og inspektørar/avdelingsleiarar i grunnskule/ VGS/ vaksenopplæring, PPT- leiarar, hovudtillitsvalde og kommunalsjefar/rådgjevarar oppvekst.

Etter den bindande påmeldingsfristen 18.august er me fullteikna med 70 påmeldte deltakarar. Fantastisk!

Tematikk for leiarsamlinga er

LEIARSKAP, KONFLIKTHANDTERING, LEIARVERKTØY OG DET Å FØREBYGGE UBEHAGELEG STILLHEIT

Program for tysdag 2.september:

- 09:00- 09:10: Oppmøte utanfor Indre Hafslo oppvekstsenter, Lambhaug 148. Parker gjerne på grusbana. Registrering og småprat. Møt i fornuftige klede og sko til å vere ute.
- 09:10- 10:20: Me deler oss i grupper og besøker fire ulike stasjonar (sjå neste side)
- 10.20- 10.45: Pause. Me forflyttar oss til Eikum hotell på Hafslo
- 10:45- 11:45: Informasjon, forankring og workshop kring «System for styrka læring»
- 11:45- 12:30: Lunsj
- 12:30- 13:30: Kva er yringsklima og kvifor er det viktig? v/ Dorrit Vignes.
Det vert veksling av føredrag og gruppediskusjonar i alle hennar tre økter
- 13.30- 13.45: Pause
- 13.45- 14.30: Negative konsekvensar av å være konfliktsky v/ Dorrit Vignes
- 14.30- 14.45: Pause
- 14.45- 15.40: Korleis øve på å ta imot kritikk? v/ Dorrit Vignes
- 15.40- 16.10: Pause. Servering av kanelnurrar. Me kler oss om til å vere utandørs
- 16.10- 16.30: Me (sam-) køyrer til Solvorn og møter ved skulpturen på kaien presis 16.30
- 16.30- 18.00: Guida kulturvandring i Solvorn med Arne Kvalen og Magnar Høyum. Me får også smaksprøvar av den lokale jusen til «Eplet Hostel & Jus Fabrikk»
- 18.00- 19.30: Fritid. Dei som har lyst til å bade i Solvorn må hugse å ta med badetøy og handklede
- 19.30- 20.00: Kulturinnslag på hotellet (utandørs viss fint vær, elles inne i fellesarealet)
- 20.00- 3-rettars middag – lekker meny! Og sosialt samvær utover kvelden...

Program for onsdag 3.september:

- 07:00- 08:30: Frukost tilgjengeleg når du ynskjer
- 08:30- 09.15: Kommunikasjon som verktøy, konflikthandtering og prosessen frå førebuing til oppfølging av tilsette v/ Ole Andre Bråten
- 09.15- 09.30: Pause med utsjekk

09.30- 11:15: Framhald med Ole Andre Bråten
 11.15- 12.00: Lunsj
 12.00- 14.30: Framhald med Ole Andre Bråten
 14:30- 14:45: Felles avslutning og evaluering. Vel heim!

Føredraga og gruppearbeida desse to dagane vil høve for leiarar innan heile oppvekstsektoren i Sogn.

Detaljar kring besøket på Indre Hafslo oppvekstsenter:

Deltakarane blir delt i fire grupper som besøker fire stasjonar: Svart, magenta (rosa), gul og blå

	Kvar	Kven	Kva
Stasjon 1	I skogen	Stig Fuglesteg Veiland og 9 elevar 3.- 4. trinn	Syner fram skogen vår og korleis me arbeidar med undervising ute som metode.
Stasjon 2	Oppstart allrommet	Elevar 5.- 7. trinn + Ruth Aud Teigen/ Linda Tveit Beheim	Omvising på oppvekstsenteret. Deler gruppa i to og føl igjennom barnehagen, skulen og fellesdel.
Stasjon 3	Klasserom	Randi Kvamme	Rekomp og dekomp prosjekt. Korleis har me arbeidd med rekomp og kva er planen for rekomp/dekomp vidare.
Stasjon 4	Klasserom	Sissel Morken og Ida Kristine Sagerøy	Leikesamarbeid mellom barnehage og skule. Generelt korleis samarbeider skule og barnehage, spesifikt med utgangspunkt i fellesleik kvar tysdag.

	09.15- 09.30	09.30- 09.45	09.45- 10.00	10.00- 10.15
Stasjon 1				
Stasjon 2				
Stasjon 3				
Stasjon 4				

Prisar:

- **Alternativ 1 «Full pakke»:** kr 2000,- pr pers i enkeltrom inkl. to dagar med fagleg påfyll, frukost onsdag, lunsj begge dagar, pausemat begge dagar, 3 rettars middag tysdag kveld og kulturelt program. (Full pris er kr 3150,- men regionen dekker då kr 1150,- pr. pers.)
- **Alternativ 2 «Full pakke utan overnatting»:** kr 1300,- pr pers utan overnatting. Dette inkl. to dagar med fagleg påfyll, lunsj begge dagar, pausemat begge dagar, 3 rettars middag tysdag kveld og kulturelt program. (Full pris er kr 2150,- men regionen dekker då kr 850,- pr. pers.)
- **Alternativ 3: Kr 650,- pr pers for ein stk dagpakke** inkl. fagleg påfyll, lunsj og pausemat

Kommunen eller anna arbeidsgivar vil få tilsendt fellesfaktura for sine deltakarar i etterkant av samlinga.

Les gjerne meir om..

- Dorrit Vignes [her](#)
- Ole Andre Bråten [her](#)
- **Digitalt kompetanseprogram frå Ole Andre Bråten (tilgjengeleg for oss i 24 mnd, du kan allereie starte i dag):** <https://www.organisasjonpsykologisk.no/offers/N2z7zrhN>
- Hotellet: <https://www.eikum.no/>
- Oppvekstsenteret: <https://www.luster.kommune.no/indre-hafslo-oppvekstsenter>
- Jus fabriken: <https://eplet.no/framside/>
- Påmeldingsinformasjon [her](#)

Ser fram til å treffe deg i vakre Luster til fagleg og sosialt fellesskap i regionen! Dette er viktig nettverksbygging!

Hjarteleg velkommen!

Med helsing

Ingrid Steine Bortne
Programleiar barnehage- og skuleutvikling
Sognaregionen - Sogn kommunalt oppgåvefellesskap (KO)
Tlf 48 25 03 06
[Fagnettverk i Sogn](#)

